

Referat frå møte i Ungdomsrådet



Tid: **12.12.2018, kl. 14:00 – 15:30**
Frammøte: **Formannskapssalen**

Møteleiar: Ulvar Akselsen, leiar, starta møtet
Ina Lien Rykkje, ny leiar, leidde møtet etter konstituering av nytt råd

Gyldig fråfall meldast snarast til: **Siri Marie Erland**
epost: **siri.marie.erland@stord.kommune.no**

1. Godkjent opprop. Me ynskjer nye medlemmar velkomen!
2. Innkalling godkjent; Ulvar har ei sak «Tilbake til livet» som ikkje står på lista. Referat godkjent.
3. Dagsorden godkjent.
4. Gjennomgang av referatsaker godkjent.
5. Økonomi: Siri har undersøkt. Kan beløpet stemme? Siri undersøker vidare. Ulvar orienterer om korleis det brukar vere med nullstilling kvart årsskifte. Rådet har ikkje brukt pengar sidan sist møte.
6. Orientering:

- Rådmann Magnus Mjør ynskjer å vere med på eit møte i 2019 – Ungdomsrådet ynskjer at han fortel litt generelt om ulike funksjonar/ ulike råd i kommunen. Rådmannen får kopi av ny møteplan.
- Siri ordnar med frammøteliste til skulane for godkjent fråvær, samt godtgjersle til leiar og nestleiar for møter hausten 2018.

7. Saker:
 - Konstituere nytt råd: Alle presenterte seg for å bli litt meir kjende med kvarandre. Siri sender vedtekter og samtykkeerklæring/ informasjon til dei nye. Nye medlemmar må sende e-postadresse og mobilnummer til Siri. Ina Lien Rykkje er ny leiar i rådet; Anne Marte Havn Mehammer held fram som nestleiar. Dei er valde for eitt år. Kristina, Megan, Bjørn Sigurd og Ulvar går ut av rådet og me takkar dei for innsatsen. Siri ordnar med stadfesting til Ulvar for leiarrolla.
 - Møteplan vår 2019: Vert laga av Siri i samarbeid med styret. Me satsar på ein gong per månad, men ikkje i «travle» månadar; helst ikkje onsdagar. Siri reserverer rom og sender ut plan.

- Felles ordensreglement for grunnskulane: Dette kjem på høyring, men det er ikkje klart enno.
- Nabovarsel/ planarbeid på høyring, sjå lenke <http://www.abo-ark.no/nabovarsel/reguleringsplaner-horinger/>: Ingen kommentarar frå rådet. Dei brukar ikkje å uttale seg i denne type saker, fortel dei. Siri finn ut korleis me kan forbetre medverknad i planarbeid.
- «Tilbake til livet»: Ulvar orienterte om saka/ foredraget. Rådet vedtok at ein ynskjer foredraget i 2019. Ungdomsrådet vil vere hovudarrangør, men dei vil søke støtte hjå andre som vil ungdom sitt beste; ulike ungdomsparti, Røde kors, Utekontakten, Bjarte Epland. Ina (som er ny leiar) tek kontakt med manager før jul. Ulvar deler all informasjon med Ina. Dette vert sak på neste møte i 2019. Det beste er sannsynlegvis å satse på veke 39, veke 3 kjem for kjapt på.

Ymse

Siri har vore på møte i referansegruppe om arbeid med ny plan for vald og overgrep i nære relasjoner.

Merk!

Dersom du er invitert i ulike møte som representant for Ungdomsrådet, må du stadfeste at du kjem. Du kan eventuelt melde avbod til den som arrangerer møtet.

Siri oppdaterer informasjon på nettsida – sjekk at det som står om deg er rett, og gi eventuelt beskjed til Siri om noko må endrast.